



Per Gunnar Litleskare

5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2009/1193 - 13891/2009	Benjamin Hicks - 56375630	137/168	17.06.2009

## **Retur av melding om tiltak - gbnr 137/168 Alver - dobbel-garasje i betong. Parkering på dekket**

Vi viser til oversendte dokumenter, motteke 04.06.09, og vedlagt:

- Meldingsskjema.
- Situasjonsplan målestokk 1:500.
- Nabovarsel.
- Teikningar
- Protest

### **Saksutgreiing:**

Byggjemeldinga er for mangelfull til at den vert teke til handsaming. Saka skal være tilstrekkelig opplyst før vedtak vert fatta, FvL§17. Vi ynskjer å yte god service til publikum. Dette vil vi gjøre ved å bruke våre ressursar til å prioritere gode søknader. Innsendt dokumentasjon er ikke fullstendig i samsvar med PBL§95 og SAK§§14, 15 og 16.

Det er søkt om garasje med parkering på dekket.

### Protest.

- Det ligg føre protest frå eigar av gnr 137 bnr 173. Protesten må kommenterast av ansvarleg sokjar før søknad vert sendt inn.
- Protesten går ut av på at delar av innkjørsel til parkeringsdekket skal gå over eigedom gnr. 137 bnr. 173.

### Naboerklæring.

- Det ligg ikkje føre skriftleg samtykkje frå nabo til omsøkte plassering.

### Avkøyrsla.

- Det er gjeve gale opplysningar. Tiltaket gir endra avkøyringsforhold.
- Det er ikkje sendt inn søknad med omsyn til avkøyrsla til parkeringsdekket.
- Det ligg ikkje føre skriftleg samtykkje frå nabo med omsyn til bruk av naboeigedomen som avkøyrsla til parkeringsdekket.

### Plangrunnlag.

- Eigedomen ligg innafor den funksjonelle strandsona og det ligg føre byggjerestriksjonar, jf arealdelen til kommunedelplanen. Innafor den funksjonelle strandsona skal det ikkje førast opp tiltak etter pbl. § 93 og § 8, jf punkt 2.2.2 i føresegnene til kommunedelplanen.

- *Byggjesøknaden er ikkje i samsvar med arealdelen til kommunedelplanen og må difor handsamast som søknad etter pbl § 93.*

**Soknadsskjema.**

- *Der tiltaket er i strid med kommuneplan må det søkast om dispensasjon frå gjeldande plan.*
- *Tiltaket treng dispensasjon frå kommuneplanen for å kunne handsamast vidare som byggesak. Kommunestyret har vedtatt innført gebyr for handsaming av dispensasjonar. Gebyret for sakshandsaming er sett til kr. 10.500,-. Det kan vere ein fordel å avklare om ein kan forvente at dispensasjon kan gjevast, for søknad vert send inn. Informasjon om dispensasjonar er tilgjengeleg på www.bing.nu.*

**Soknadsskjema.**

- *Det må sendast inn utfylt søknad i to eksemplar, signert av ansvarleg søker og byggherre/tiltakshavar. Fullstendig adresse og telefonnummer må vere påført.*

**Nabovarsel.**

- *Naboar er ikkje varsle at tiltaket krev dispensasjon. Nytt nabovarsel må difor sendast ut.*

**Estetikk.**

- *Høve til omgjevnaden er ikkje dokumentert eller vurdert..*
- *Det er eit vilkår etter pbl. § 74 nr. 2 at tiltaket skal tilfredsstille dei estetiske krav som vert stilt ”i seg selv” og ”i forhold til omgivelsene”.*
- *Ein ber Dykk om å gjere greie for dei estetiske forholda på staden.*

**Ansvarsrettar.**

- *Det er ikkje sendt inn søknad om ansvarsrett for nokon funksjonar.*

**Ny søknad.**

*Ein gjer merksam på at byggesaka med dette er avslutta. Søknaden vert slik sendt i retur. Ny komplett og kvalitetssikra byggesak må sendast inn om søknad skal verte realitetshandsama.*

*Byggearbeida kan ikkje setjast i gang før det er gitt skriftleg loyve frå kommunen.*

**Gebyr.**

*I samsvar med gebyrregulativet til Lindås kommune, vedteke av kommunestyret den 11.12.2008 som SAK 133/08, skal det sendast gebyr ved avvist eller mangelfull sak.*

*Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.8. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.*

C.3.8 litra b. Avvist eller mangelfull sak (Pbl§93)	
Søknadspliktige tiltak	1000.-

**Avgjerd**

*Søknaden om byggeloyve vert sendt i retur uhandsama, då dei ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Denne prosessleiane avgjerd er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan i så måte ikkje påklagast.*

*Med helsing*

*Benjamin Hicks  
Rådgjevar*

**Vedlegg:**

- *protest.*